

ÅRSMELDING 2020



INNHALD

STYRET I FITJAR KRAFTLAG	2
ÅRSMELDING 2020	3
ÅRSREGNSKAP 2020	11
Resultatregnskap	11
Balanse	12
Samfunnsregnskap	14
Kontantstraumoppstilling	15
Nøkkeltal	16
Notar	17
Melding frå revisor	26

STYRET I FITJAR KRAFTLAG



Agnar Aarskog, Styreleiar



Torstein Grimen, Nestleiar



Magne Siglen



Ingelill Handeland Eide



Utsikt frå Svartavatnet mot lysløypa.

ÅRSMELDING 2020

Fitjar Kraftlag er eigd av Fitjarbuen sjølv og andre som kan vera medlem i Kraftlaget. Saman vil me styrka selskapet og bidra til utvikling av bygda vår.

Eit av måla til styret er å gje tilbake til Fitjar-samfunnet. Verdiane vert skapt lokalt, og skal først tilbake til både kundar og lokal-samfunn. Me deler difor kvart år ut midlar til lokale lag og organisasjonar, eller gode initiativ og prosjekt som kan koma alle i Fitjar til gode. I år vart det og for første gang betalt ut kjøpsutbytte til medlemmane våre basert på den handelen dei gjer med oss. Me håpar me kan gje ut kjøpsutbytte til alle medlemmar kvart år framover.

Styret og administrasjonen har i heile år jobba aktivt med å få nye medlemmar inn i Kraftlaget. Medlemstalet er aukande. Me ynskjer at flest mogleg av kundane våre ser verdien av å vera medlem hos oss.

2020 har vore eit år prega av datasystembytte. Nytt regnskaps- og lønssystem vart tatt i bruk frå 01.01.2020. I juni skifta me kundesystem på kraftomsetning og i november gjekk me over på nytt kundesystem på breiband. Dette har ført til ekstra systemkostnader og mykje ekstra arbeid, men det var heilt nødvendige investeringar. No har me framtidsretta skybaserte datasystem.

Dette året vart det historisk låge kraftprisar, dette har påverka våre to produksjonsanlegg og ført til negativt driftsresultat.

Fokusområda til Kraftlaget etter omorganiseringa er breibandsverksemd, kraftomsetning, produksjon, eigarskap og samfunnsutvikling. Driftsresultat dette året er svakt negativt og årsresultat etter skatt er positivt. All gjeld er nedbetalt. Økonomien i Kraftlaget er god.

Vårt slagord er **Kraft til utvikling!**



Utsikt frå Kråko.

Føremål

Fitjar Kraftlag SA er eit ålmennyttig samvirkeforetak. Føremålet til føretaket er å:

- Fremja interessene til innbyggjarar og verksemder i konsesjonsområde (slik dette var per 1. januar 2018, seinare i vedtektene omtalt som "konsesjonsområdet")
- Eiga aksjar i selskap som driv nettverksemd
- Omsetja elektrisk energi,
- Produsera energi eller delta som eigar i produksjonsanlegg eller -selskap
- Eiga, byggja og driva breibandsnett og andre elektroniske kommunikasjonsløysingar
- Eiga, driva, yta midlar til eller delta i anna verksemd med naturleg tilknytning til føremålet
- Delta i tiltak med allmennyttige føremål i konsesjonsområdet
- Yta gåver til tiltak med allmennyttige føremål i konsesjonsområdet

Overskotet skal primært nyttast til vidareutvikling av Kraftlaget i samsvar med føremålet, ålmennyttige tiltak som kan koma medlemmar, og lokalsamfunnet i konsesjonsområdet til gode, dernest kjøpsutbyte.

Fitjar Kraftlag SA sitt forretningskontor er i Fitjar kommune.

Samfunnsutvikling

Fitjar Kraftlag har heilt sidan starten i 1935 vore samfunnsbyggjaren, det ynskjer styret at Kraftlaget skal vera også i framtida. Styret ynskjer å bruka ressursane i selskapet til det beste for lokalsamfunnet. Samtidig som ein sikrar det som i dag er kjerneverksemd på ein best mogleg måte for framtida.

Styret har i 2020 jobba med strategi for Kraftlaget for dei neste 5 åra. I den samanhengen har styret sett kor viktig rolla som samfunnsutviklar i bygda vår er, dette vil koma til uttrykk i strategiplanen.

Fitjar Kraftlag SA har i samarbeid med Fitjar kommune danna selskapet Fitjar Utvikling AS, dette selskapet skal vera eit reiskap for å utvikla Fitjar samfunnet på ein god måte for innbyggjarane.

Breiband

Drifta på breibandsnettet har vore stabil. Investeringar og omdisponering av kablar heldt fram for å kunne levere optimale tenester til nye og gamle kundar.

Dette året vart eit spesielt år med tanke på pandemien (Covid 19) som pågår. Ein har måtta tatt stilling til smittevern i alle situasjonar, men det har heldigvis gått veldig bra og me har ikkje hatt noko smitte.

Den nye tv-plattformen har vore populær og me har fått positive tilbakemeldingar på denne. Dette året har me jobba med å få alle kundar over på ny TV løysing då den gamle plattformen skal fasast ut våren 2021. Me har gjort store investeringar sidan hausten 2017 i nytt utstyr til kundar grunna overgang til ny plattform, då me har bytta ut alle heimesentralar og TV dekodarar til alle kundar. Nokon få kundar står att i 2021.

Oppgradering av breibandsnettet vert arbeida med kontinuerlig, slik at våre kundar har moglegheit til å bestilla det nyaste innan Altibox som gir gigabit-forbindelse og nyare tv/streaming løysingar.

Me har kopta opp 126 nye kundar i år. Dette er ein stor auke samanlikna med dei siste åra. Auken har samanheng med at fleire skulle jobbe på heimekontor og at Telenor formidla nedlegging av kobbernettet. Det er mange hyttekundar som har fått installert fiber dette året. Ved årsskiftet hadde me 1502 kundar.

Heile hausten vart det jobba med datavask og forberedelsar angående overgang til nye kundesystem hos Altibox. Me gjekk over til nye system i november. Overgangen gjekk fint og me gler oss til me kan få ta nye funksjonar i bruk. Dei siste partnarane til Altibox vil gå over på nye system i mai 2021. Etter det vil Altibox ha full fokus på vidare utvikling. Me har signert ny 5 års avtale med Altibox som innhaldsleverandør.

Kraftproduksjon

Drifta av produksjonsanlegga har vore krevjande dei siste åra og det er behov for investering i nye kontrollanlegg. Det er for å få betre overvaking og optimalisering av anlegga. På grunn av kapasitet internt og reise-restriksjonar har det vore vanskeleg å få ut tilbod frå fleire leverandørar.

Både Årskog Kraftstasjon og Rimbareid Kraftstasjon har hatt nokre mindre stopp i produksjonen i løpet av året.

Det er inngått ny avtale med Fitjar kommune angående fallrettar i Årskog vassdraget. Ny avtale var på plass frå 01.01.2020 og varer i 50 år.

Me har vedlikehalds- og rådgjevingssavtale med SKL for begge kraftstasjonane. Produksjonen var om lag 6,5% lågare i 2020 enn 2019. Produksjonen var tilnærma lik middelproduksjon dei siste 10 åra. Total produksjon var 5,09 GWh. Det var rekordlåge straumprisar dette året, så driftsresultatet vart negativt. Oppnådd gjennomsnittspris for produksjonen dette året vart 16,38 øre/kWh.

Kraftomsetning

Det er stor konkurranse i dette segmentet. Me blir pressa av mange leverandørar som vil ta vår marknadsandel, spesielt på Fitjar. Konkurransen vil ikkje minka dei komande åra, men me håpar me kan vera ein god lokal leverandør også i framtida.

Kraftlaget vil vera konkurransedyktige. Me vil fokusera på truverdigheit, enkle prisar utan skjulte kostnader, rask og god kundeservice. Me prissikrar deler av volumet for å halda stabile og forutsigbare prisar ut til kundane. Kraftlaget har til no tilbode standard variabel kraftpris og fastpris kontraktar til privatkundar. Denne hausten byrja me og å tilby spot produkt. Me vil i løpet av våren 2021 tilby strømkontrakt til plusskundar. Ein plusskunde er ein kunde som både brukar og produserer elektrisitet.

Me har tatt stor investering i nytt kundesystem dette året. Me vil etter kvart ha større fokus på å auka tal kundar innanfor private og bedriftsmarkedet.

Elhub

Elhub er kraftbransjen sin felles «sentral» der alle data frå straummålarar i landet vert samla inn i eit felles system. Her finn du dine abonnement med informasjon om straumforbruk, kraftleverandør og anna. Ynskjer du til dømes å sjå kva straumforbruk du har time for time kan du logge deg på Elhub Web Plugin og sjekka: plugin.elhub.no

Anna verksemd

Fitjar Kraftlag har drifta kundesystemet for Haugaland Kraft Nett AS sine kundar på Fitjar fram til juni, då vart nettkundane flytta over til HK Nett AS sitt kundesystem.

Eigarskap

Når nettverksemda vart selt, fekk Fitjar Kraftlag eigarpost i Haugaland Kraft (HK). Fitjar Kraftlag tok samstundes eit strategisk grep ved at ein bytta eigarposten i SKL mot eigarskap i HK. Gjennom eigarskap i HK eig Kraftlaget indirekte i kraftproduksjon då SKL er eit dotter-selskap til HK. Ved årsskifte 2019/2020 hadde Kraftlaget ein eigarpost på 3,73 % i Haugaland Kraft konsernet. Grunna fusjon med Fjelberg Kraftlag vart FK sin eigarpost i HK «vatna ut» slik at eigarposten til FK ved årsskifte var 3,6 %. Fitjar Kraftlag eig 3,31 % i Midtfjellet Vindkraft AS. Utbyte frå Haugaland Kraft AS utbetalt i 2020 var på ca. 8,8 mill. kr og utbyte frå Midtfjellet Vindkraft AS vart på 500 tusen kr. Til saman fekk Kraftlaget utbetalt 9,3 mill. kr i utbyte dette året.

Ålmennyttige tiltak/sponsorstøtte

Kraftlaget har støtta lag, organisasjonar og enkelttiltak i Fitjar med 1 270 250 kroner. Av desse er 1 209 500 kroner knytt til ålmennyttige tiltak.

Desse organisa organisasjonane/tiltaka vart tildelt støtte i 2020:

- Fitjar Kultur- og Idrettsbygg Kr 200.000,- (Presentabelt uteområde)
- Fitjar Idrettslag Kr 180.000,- (Støtte til lokalidretten)
- Fitjar Skyttarlag Kr 150.000,- (Bygging av skytebane)
- Fitjar kommune Kr 100.000,- (Helsesport sløype Olstjødno)
- Vestbøstad Vel Kr 80.000,- (Oppgr. av offentleg badestrand)

- Fitjar Bygdeungdomslag Kr 50.000,- (Nye vinduer)
- Dåfjorden Velforening Kr 50.000,- (Leikeplass)
- Friluftsrådet Vest Kr 50.000,- (Langøy friluftsområde)
- Smedholmen Kystlag Kr 40.000,- (Diverse til Smedholmen)
- Fitjar Sogelag Kr 30.000,- (Utstilling, markering av kyrkja)
- Fitjar Skulekorps Kr 30.000,- (Nye uniformar)
- Brandasund Grendalag Kr 25.000,- (Grendatun)
- John Arvid Skumsnes Kr 25.000,- (Fotoutstillinga Kysten)
- Fitjar Bedehus Kr 20.000,- (Utskrifting av stolar)
- Fitjar Frivilligsentral Kr 20.000,- (Ope hus for ungdom)
- Fitjar Musikklag Kr 20.000,- (Oppgradering av utstyr)
- 2005 kullet ved Rimbareid skule Kr 19.500,- (Aktive fredsreiser, Polen)
- Speidaren i Fitjar Kr 15.000,- (Oppstart av speidar i Fitjar)
- Fitjar Shotokan Karateklubb Kr 15.000,- (Profilering og rekruttering)
- Øvrebygda 4H Kr 15.000,- (Fylkesleir på Fitjar)
- Stord og Fitjar Røde Kors Kr 10.000,- (Støtte til ATV hengar med tak)
- Fitjar Veteranbilkubb Kr 10.000,- (Bygging av mobil pøsekiosk)
- Stranda Vel Kr 10.000,- (Bygging av Petanque bane)
- Tysdagsklubben i Øvrebygda Kr 10.000,- (Installering av internett)
- Fitjar Racing Team Kr 10.000,- (Rekrutteringsmidlar)
- Fitjar Eldreråd Kr 10.000,- (Eldredagen)
- IPX Lan Kr 5.000,- (Sunnhordlands største datatreff)
- Stord Fitjar demensforening Kr 5.000,- (Trivselstiltak)
- Strand Motorsport Kr 5.000,- (Støtte til barne / ungdomstiltak)



Informasjon

Kraftlaget nyttar nettstaden www.fitjar-kraftlag.no til informasjon om alle tilhøve kring drifta av Kraftlaget og til prisinformasjon. Kraftlaget sender ut SMS ved kraftprisendring. Varsling av planlagt arbeid og anna viktig informasjon kan og bli sendt på SMS. Me er og på Facebook. Søk oss gjerne opp der! Fitjarposten vert og nytta til informasjon.

Organisasjon og personale

Kraftlaget hadde ved årsskiftet i alt 7 tilsette, av desse 2 lærlingar. Det vart utført til saman 6,79 årsverk dette året.

Kraftlaget søkjer å tilby læreplassar (kontor- og administrasjonsfaget og telekommunikasjonsmontørfaget).

Strategi / Framtidsutsikter

I strategiarbeidet har ein kome fram til nokre punkt som er viktig for kundar/medlemmar i Kraftlaget i åra som kjem. Ein vil i 2021 starta arbeidet med å få på plass ein App for våre kundar.

Styret og administrasjon jobbar vidare med å få på plass aktuelle nye produkt. I første omgang ser ein på å få ut tilbod om EL-billadar.

Me har og eit ynskje om å setja opp ein værstasjon med webkamera ved Olstjødno, samt badetemperaturmålarar på aktuelle strender i Fitjar. Ser for oss at informasjon frå desse målarane vil bli lagt ut på vår nettside. Det er utsikter til å få gode utbytter frå Haugaland Kraft AS i åra som kjem, men ein ser at Midtfjellet Vindkraft AS gjev noko lågare utbytte enn forventa.

Styret ser for seg at ein vil kunna levera positivt driftsresultat over tid.

Me er, og skal vera, ansvarlege, sjå moglegheit, yta god kundeservice og samarbeida med lokalsamfunnet. Med dette grunnlaget skal me vera samfunnsbyggjaren langt inn i framtida.

Vårt slagord er **Kraft til utvikling!**

Bak frå venstre: Malin Helena Tanskanen, Arnbjørn Mæhle, May-Lin Olsen og Therese Nysæther

Framme frå venstre: Trond Ivar Olsen og Kristoffer Urdal.

Ikkje tilstades: Christine Berntsen



Styret

Kraftlaget har eit styre på fire medlemmer som er valde av årsmøtet. Det er 1 varamedlem. Styret har i 2020 hatt 6 møter. Det er eit godt samarbeidsklima i styret, og mellom styret og administrasjon. Styret ynskjer å takka alle tilsette for jobben som er gjort i 2020.

Styremedlemmer:

Agnar Aarskog, styreleiar
Torstein Grimen, nestleiar
Magne Siglen, styremedlem
Ingelill Handeland Eide, styremedlem

Varamedlem:

Silje Haukeland

Valnemnd:

Valnemnda har tre medlemmer som er valde av årsmøtet. Valnernda har konstituert seg sjølv.

Desse er i valnernda:

Kari Raunholm
Ingrid Vestbøstad
Terje Vidar Vestvik

Medlemskapital

Det er totalt 934 medlemmar. Medlemskapital pr 31.12 er på kr 5 247 755 inklusive renter.

Renter på medlemskapitalen

Styret rår til at rentefoten på medlemskapitalen i 2020 vert sett lik skjermingsrenta på 0,6 %.

Fitjar, 22. april 2021

Agnar Aarskog, Styreleiar

Torstein Grimen, Nestleiar

Ingelill Handeland Eide,
Styremedlem

Magne Siglen, Styremedlem

Resultat

Styret foreslår at årsoverskotet på kr 8.949.389 vert disponert slik:

Avsett til fond for ålmennyttinge tiltak:	1.300.000
Avsett til kjøpsutbytte medlemmar *	4.400.000
Overføring til annan eigenkapital	3.249.389
Sum disponeringar	8.949.389


* Styret foreslår at årsmøtet gir administrasjonen pålegg om å gjennomføra utbetaling av kjøpsutbytte til medlemmane hausten 2021, fordelt etter medlemmane si omsetning med Kraftlaget gjennom 2020. Administrasjonen skal sørge for at utbetalinga skjer i samsvar med samvirkelovas reglar.

Det vert ikkje tilført midlar til etterbetalingsfondet i 2020.

Etterbetalingsfondet er på kr 5.000.000 pr. 31.12.2020.

Rentesats på medlemskapitalen vert sett lik skjermingsrenta på 0,6 %.

Rentesaldoen vert tilført medlemskapitalen med verknad frå 10.06.2021.



Synningjo

ÅRSREGNSKAP 2020

Resultatregnskap

	Note	2020	2019
Inntekter			
Kraftinntekter	2	9 664 799	20 150 712
Breibandsinntekter	2	14 450 982	13 761 657
Andre inntekter	2	2 326 559	3 370 483
Sum inntekter		26 442 340	37 282 851
Varekostnader			
Kraftkjøp	2	5 390 713	14 871 756
Andre varekostnader	2	9 680 712	6 800 657
Dekningsbidrag		11 370 915	15 687 115
Eigne driftskostnader			
Personalkostnader m.m	2,3	3 926 392	4 785 371
Ordinære avskrivningar	2,13	2 580 272	2 445 889
Andre driftskostnader	2,10	5 176 249	6 734 899
Driftsresultat		-311 999	1 720 956
Finansinntekter og finanskostnader			
Utbytte		9 273 487	21 264 820
Andre finansinntekter	12	664 546	239 481 242
Andre finanskostnader	12	236 899	596 517
Ordinært resultat før skattekostnad		9 389 135	261 870 501
Skattekostnad på ordinært resultat	8	439 746	511 615
Årsresultat		8 949 389	261 358 886
Anvendelse av årsresultatet			
Avsett til fond for ålmennyttinge tiltak	11	1 300 000	3 000 000
Avsett til kjøpsutbytte medlemmar	11	4 400 000	5 000 000
Overført til annan eigenkapital	11	3 249 389	253 358 886
Sum anvendelse		8 949 389	261 358 886

ÅRSREGNSKAP 2020

Balanse

	Note	2020	2019
Eigedelar			
Anleggsmidler			
Immaterielle eigedelar			
Utsatt skattefordel	8	1 916 406	2 080 672
Sum immaterielle eigedelar		1 916 406	2 080 672
Varige driftsmidler			
Driftslausøyre, inventar, verktøy, kontormaskinar og liknande	13	330 940	365 674
Kraftproduksjonsanlegg	13	3 741 078	4 347 488
Breibandsanlegg	13	9 406 682	8 354 500
Sum varige driftsmidler		13 478 700	13 067 662
Finansielle anleggsmidler			
Investering i aksjar og andelar	7	336 450 676	336 450 676
Sum finansielle anleggsmidler		336 450 676	336 450 676
Sum anleggsmidler		351 845 782	351 599 010
Omløpsmidlar			
Varer	5	200 734	345 401
Fordringar			
Kundefordringar	4	3 618 118	9 485 971
Andre fordringar		149 127	90 925
Sum fordringar		3 767 245	9 576 896
Investeringer			
Markedsbaserte verdipapirfond	14	12 953 132	9 130 104
Sum investeringer		12 953 132	9 130 104
Bankinnskott, kontantar og liknande	6	3 258 430	4 591 124
Sum omløpsmidlar		20 179 540	23 643 526
Sum eigedelar		372 025 322	375 242 535

ÅRSREGNSKAP 2020

Balanse

	Note	2020	2019
Eigenkapital og gjeld			
Eigenkapital			
Innskoten eigenkapital			
Medlemskapital	9	5 247 755	5 095 857
Sum innskutt eigenkapital		5 247 755	5 095 857
Opptent eigenkapital			
Annan eigenkapital	9	358 360 971	355 087 328
Sum opptent eigenkapital		358 360 971	355 087 328
Sum eigenkapital		363 608 726	360 183 185
Gjeld			
Anna langsiktig gjeld			
Gjeld til kredittinstitusjonar		0	0
Sum anna langsiktig gjeld		0	0
Kortsiktig gjeld			
Leverandørgjeld		2 787 299	2 764 422
Betalbar skatt	8	220 445	799 344
Skyldige offentlege avgifter		318 592	1 265 838
Gjeld til medlemmar		4 364 374	5 000 000
Anna kortsiktig gjeld	11	725 886	5 229 746
Sum kortsiktig gjeld		8 416 596	15 059 350
Sum gjeld		8 416 596	15 059 350
Sum eigenkapital og gjeld		372 025 322	375 242 535



Styret og leiing


ÅRSREGNSKAP 2020

Tilbakeført til Fitjarsamfunnet

	2020	2019
Ålmennyttinge tiltak / sponsorstøtte	1270	674
Kjøpsutbytte	5000	0
Skatt på løn	214	251
Eigedomsskatt	116	119
Kjøp av varer og tenester	831	1287
Netto utbetalt løn	1215	2073
Sum	8646	4404

Avgifter til staten

	2020	2019
Skatt på løn	882	893
Folketrygd	580	662
Firmaskatt	440	512
Meirverdiavgift	1047	1768
Sum	2949	3835



ÅRSREGNSKAP 2020

Kontantstrømoppstilling

	2020	2019
Kontantstrøm fra operasjonelle aktiviteter		
Resultat før skattekostnad	9 389 135	261 870 501
Periodens betalte skatt	-889 531	-863 709
Skatt på tilbakeført underskudd	35 152	
Tap/gevinst ved avgang/salg av anleggsmidler	0	-239 182 566
Ordinære avskrivningar	2 580 272	2 445 889
Nedskrivning av varige driftsmidler	0	0
Endring i varelager, kundefordringar og leverandørgjeld	6 035 397	217 926
Endring i andre tidsavgrensingspostar	-6 144 935	508 728
Netto kontantstrøm fra operasjonelle aktiviteter	11 005 491	24 996 769

Kontantstrøm fra investeringsaktiviteter

Innbetalningar ved salg av varige driftsmidler	0	1 239 822
Utbetalningar ved investering i varige driftsmidler	-2 991 310	-2 856 280
Utbetalningar ved kjøp av aksjar/andelar i andre foretak	-9 623 027	-23 619 136
Innbetalningar ved salg av aksjar/andelar i andre foretak	5 800 000	20 000
Endring langsiktige fordringar	0	94 258
Netto kontantstrøm fra investeringsaktiviteter	-6 814 337	-25 121 336

Kontantstrøm fra finansieringsaktiviteter

Utbetalningar ved nedbetaling av langsiktig gjeld	0	0
Innbetalningar i forbindelse med opptak av gjeld	0	0
Inn-/utbetalningar av egenkapital	-5 523 848	-38 991
Netto kontantstrøm fra finansieringsaktiviteter	-5 523 848	-38 991
Netto endring i kontantar og kontantekvivalentar	-1 332 694	-163 558
Kontantar og kontantekvivalentar 01.01	4 591 124	4 754 682
Kontantar og kontantekvivalentar 31.12	3 258 430	4 591 124



ÅRSREGNSKAP 2020

Nøkkeltal

Nøkkeltal 2016 - 2020

Nøkkeltal	Eining	2020	2019	2018	2017	2016
Brutto driftsinntekter	Tkr	26 442	37 283	72 480	57 431	54 901
Driftsresultat før avskrivningar (EBITDA)	Tkr	2 268	4 167	8 696	7 058	9 342
EBITDA margin	%	9 %	11 %	12 %	12 %	17 %
Ordinære avskrivningar	Tkr	2 580	2 446	5 935	5 503	5 422
Driftsresultat (EBIT)	Tkr	-312	1 721	2 762	1 555	3 920
Driftsmargin	%	-1 %	5 %	4 %	3 %	7 %
Resultat før skattar	Tkr	9 389	261 871	6 272	6 396	4 177
Årsresultat	Tkr	8 949	261 359	5 405	5 747	4 668
Årlege investeringar	Tkr	2 991	2 856	12 956	10 463	10 256
Totalkapital	Tkr	372 025	375 243	163 759	147 307	143 505
Eigenkapital	Tkr	363 609	360 183	103 904	98 186	92 551
Eigenkapitalprosent	%	98 %	96 %	63 %	67 %	64 %
Produsert energi elektrisk kraft	MWh	5 094	5 449	4 679	5 055	5 298
Antal breibandkundar		1 502	1 422	1 366	1 302	1 212

Titiltunge Kyrkjevatnet.

ÅRSREGNSKAP 2020 / Notar

Notar

Note 1 Rekneskapsprinsipp

Verknad av endring av rekneskapsprinsipp

- Grunnleggjande prinsipp
- Vurdering og klassifisering
- Andre forhold

Årsrekneskapan er sett saman av resultatrekneskap, balanse, kontantstraumsoppstilling og noteopplysningar, og er avlagt i samsvar med aksjelov, rekneskapslov og god rekneskapsprinsipp i Noreg for små foretak gjeldande pr. 31. desember 2020.

Årsrekneskapan er basert på dei grunnleggjande prinsipp om historisk kost, samanlikning med tidlegare år, fortsett drift, kongruens og forsiktighet. Transaksjonar vert rekneskapsført til verdien av vederlaget på transaksjonstidspunktet. Inntekter vert resultatført når dei er opptent og kostnader vert samanstilt med opptente inntekter. Rekneskapsprinsippa vert utdjupa nedanfor.

Eigedelar/gjeld som vedgår varekretsløpet og postar som forfell til betaling innan eit år etter balansedagen, er klassifisert som omløpsmidlar/kortsiktig gjeld. Vurdering av omløpsmidlar/kortsiktig gjeld skjer til lågaste/høgaste verdi av anskaffelseskost og verkeleg verdi. Verkeleg verdi er definert som antatt framtidig salspris redusert med forventa salskostnader. Andre eigedelar er klassifisert som anleggsmidlar. Vurdering av anleggsmidlar skjer til anskaffelseskost.

Anleggsmidlar som forringast blir avskrivne. Dersom det finn stad ei verdiendring som ikkje er forbigående, vert det føreteke ei nedskrivning av anleggsmiddelet. Tilsvarande prinsipp vert normalt lagt til grunn for gjeldspostar. Det er, i samsvar med god rekneskapsprinsipp, nokon unntak frå dei generelle vurderingsreglane. Desse unntaka er kommentert i dei respektive notane. Ved bruk av rekneskapsprinsippa og presentasjon av transaksjonar og andre forhold, skal det leggjast vekt på økonomiske realitetar, ikkje berre juridisk form. Betinga tap

som er sannsynlege og kvantifiserbare vert kostnadsført.

Rekneskapsprinsipp for vesentlege rekneskapspostar

Inntektsføringstidspunkt

Inntekt vert ført i resultatet når ho er opptent. Inntektsføring skjer normalt på leveringstidspunktet ved sal av varer og tenester. Driftsinntektene er fråtrekt meirverdiavgift, rabattar og fakturerte fraktkostnader.

Kostnadsføringstidspunkt / samanstilling

Utgifter vert samanstilt med og vert kostnadsført samstundes med dei inntekter utgiftene kan henførast til. Utgifter som ikkje kan henførast direkte til inntekter, vert kostnadsførte når dei oppstår.

Varige driftsmidlar

Varige driftsmidlar vert ført i balansen til anskaffelseskost, fråtrekt akkumulerte av- og nedskrivningar. Dersom den reelle verdien av eit driftsmiddel er lågare enn bokført verdi, og dette skuldast årsaker som ikkje reknast å vera forbigående, vert driftsmiddelet skrive ned til verkeleg verdi. Utgifter i samband med normalt vedlikehald og reparasjonar vert løpande kostnadsført. Utgifter ved større utskiftingar og fornyingar som aukar driftsmidlane si levetid vesentleg, vert aktiverte. Driftsmidlar som vert erstatta, vert kostnadsført. Eit driftsmiddel blir sett på som varig dersom det har ei økonomisk levetid på over 3 år, samt ein kostpris på over kroner 15 000.

Ved utskifting av eksisterande linjenett er det lagt vekt på at endringar som medfører heving av kvalitet eller kapasitet vert aktivert som varige driftsmidlar, medan resterande vert sett på som vedlikehald. Ein syner i denne samanheng til note om driftskostnader og note om anleggsmidlar.



ÅRSREGNSKAP 2020 / Notar

Notar

Avskrivningar

Ordinære avskrivningar er rekna lineært over driftsmidlane si økonomiske levetid med utgangspunkt i historisk kostpris.

Avskrivningane er klassifisert som ordinære driftskostnader.

Varelager og varekostnad

Lageret vert vurdert til det lågaste av kostpris og antatt salspris. Kostpris for innkjøpte varer er anskaffelseskost. Årets varekostnad er sett saman av kostpris på selde varer med tillegg av nedskrivning, i samsvar med god rekneskapskikk.

Fordringar

Fordringar er oppført til pålydande med fråtrekk for forventa tap.

Aksjar og andelar

Investering i aksjar eller andelar som ikkje er marknadsbaserte finansielle omløpsmidlar, vert balanseførte til anskaffelseskost. Rekneskapsføringa følgjer av unntaksregelen for små føretak.

Utsatt skatt og skattekostnad

Utsatt skatt vert rekna på bakgrunn av midlertidige forskjellar mellom rekneskapsmessige og skattemessige verdiar ved utgangen av rekneskapsåret. Ved utrekninga vert nominell skattesats brukt. Positive og negative forskjellar blir vurdert mot kvarandre innafor same tidsintervall. Utsatt skattefordel oppstår dersom ein har midlertidige forskjellar som gir opphav til skattemessige frådrag i framtida. Årets skattekostnad er sett saman av endringar i utsatt skatt og utsatt skattefordel, saman med betalbar skatt for inntektsåret, korrigert for feil i tidlegare års berekningar.

Lærlingane våre Kristoffer Urdal og Christine Berntsen.



ÅRSREGNSKAP 2020 / Notar

Note 2 Segmentinformasjon - rekneskap fordelt på virksomheter

1000 kr	Kraft-omsetn	Produksjon	Breiband	Øvrig virksomhet	Avstem. Eliminering	Totalt
Inntekter						
Kraftsal	9 665	835			-835	9 665
Breibandsinntekter			14 451			14 451
Innt. ved abb., måling, avregn.	8		13			21
Meir-/mindreinntekt (sjå note 3)						0
Gevinst ved avgang anleggsmidler						0
Andre varer og tjenester			102			102
Andre inntekter			59	2 145		2 204
Sum inntekter	9 673	835	14 625	2 145	-835	26 442
Kraftkjøp m.v.						
Kraftkjøp	6 081	108			-835	5 354
Kjøp av overføringstenester		-9				-9
Varekostnader	893	179	7 440	1 215		9 727
Sum varekjøp	6 974	278	7 440	1 215	-835	15 071
Bruttoavance	2 699	557	7 185	930	0	11 371
Driftskostnader						
Personalkostnader	913	70	3 516	319		4 818
Aktivert lønn			-892			-892
Andre driftskostnader	1 829	133	2 536	709		5 207
Avskrivningar	6	703	1 871			2 580
Eigedomsskatt		76	40			116
Tap på krav	-50		16	-114		-148
Sum driftskostnader	2 698	982	7 087	914	0	11 681
Driftsresultat	1	-425	98	16	0	-312

1 På kraftomsetning inngår kostnader til kjøp av elsertifikat i andre driftskostnader.

ÅRSREGNSKAP 2020 / Notar

Note 3 Lønskostnader / Antal tilsette / Godtgjersle / Pensjonar mm

	2020	2019
Løn	3 629 572	4 369 112
Folketrygdavgift	580 474	661 575
Pensjonskostnader	299 529	320 804
Andre ytingar	308 396	46 339
Aktivering løn knytta til investeringsprosjekt	-891 579	-612 459
Lønskostnader	3 926 392	4 785 371

	2020	2019
Gjennomsnittleg antal tilsette	6,79	7,21
Godtgjersle (i kroner)	Dagleg leiar	Dagleg leiar
Løn	1 006 250	913 751
Anna godtgjersle	5 566	5 528
Godtgjersle til styre og valnemnd	228 302	284 734


Revisor	2020	2019
Revisjon og revisjonsbeslekte tenester eks. mva*	152 200	172 500
Honorar for andre tenester frå revisor eks. mva	45 500	131 676

* Revisjon og revisjonsrelaterte tenester dekkjer alt arbeid som lov om god revisjonsskikk set krav om for at revisor skal kunna gi si revisjonsmelding i samsvar med ISA 700 til årsregnskapet, inkludert nødvendig ekstraarbeid og rådgjeving i høve til å kunne framlegge regnskapet i samsvar med lova sine krav.

Samansetting av samla pensjonar og pensjonsforpliktelsar

Pensjonsforpliktelsane for dei tilsette er dekkja ved kollektiv pensjonsforsikring som omfattar totalt 7 tilsette. I samsvar med unntaksreglane i Rekneskapslova § 5-10 har selskapet ikkje balanseført forsikra pensjonsforpliktelsar. Innbetalt pensjonspremie samsvarer med årets pensjonskostnad. Selskapets pensjonsordning er i samsvar med krav i gjeldande lover vedrørende pensjonsforsikring.

Utsikt frå Kidno.



ÅRSREGNSKAP 2020 / Notar

Note 4 Fordringar

Kundefordringar

Selskapet sine kundefordringar er oppført til pålydande med frådrag for forventta tap. Kundefordringar fordeler seg slik:

	2020	2019
Kundefordringar	3 633 254	9 824 307
Tap på krav	-15 136	-338 336
Sum	3 618 118	9 485 971

Note 5 Varelager

Selskapets varelager er oppført til lågaste verdi av kostpris og netto salgspris.

	2020	2019	Endring
Varer til bruk i produksjon	200 734	345 401	-144 667
Ukurransnedskrivning	0	0	0
Netto bokført verdi av varelager	200 734	345 401	-144 667

Note 6 Bankinnskott - bundne midlar

Av innestående i bank er kr 395 163,- bundne skattetreksmidlar. Dette er tilstrekkelig til å dekke skyldig skattetrekk pr. 31.12.

Note 7 Aksjar og andelar i andre selskap

	Eigarandel	Anskaffelseskost	Balanseført verdi
Anleggsmidlar:			
Eigedomsselskapet Gamle Fitjar Tinghus AS	20,00 %	60 000	60 000
Fitjar Kultur- og idrettsbygg AS	9,71 %	2 468 350	988 000
Atheno prosjektutvikling AS	1,02 %	90 000	90 000
Midtfjellet Vindkraft AS	3,31 %	31 489 032	31 489 032
Haugaland Kraft AS	3,60 %	303 823 644	303 823 644
Sum		337 931 026	336 450 676

ÅRSREGNSKAP 2020 / Notar

Note 8 Skatt

	2020	2019
Betalbar skatt framkjem slik:		
Ordinært resultat før skattekostnad	9 389 135	261 870 501
Permanente forskjellar	-8 802 251	-260 747 020
Endring midlertidige forskjellar	-746 664	1 357 134
Anvendelse av framførbart underskot	0	0
Grunnlag betalbar skatt	-159 780	2 480 615
Betalbar skatt på inntekt	0	545 735
Betalbar skatt på formue	220 445	253 609
Sum betalbare skattar	220 445	799 344
Årets skattekostnad framkjem slik:		
Betalbar skatt på årets resultat	0	545 735
Betalbar skatt på skattemessig formue	220 445	253 609
Avrekning betalbar skatt tidlegare år	90 187	10 840
Brutto endring utsatt skatt	164 266	-298 570
Skatt på tilbakeført underskudd*	-35 152	
Årets totale skattekostnad	439 746	511 615
Betalbar skatt i balansen framkjem slik:		
Betalbar skatt på årets resultat	0	545 735
Betalbar skatt på formue	220 445	253 609
Betalbar skatt tidlegare år		
Sum betalbar skatt	220 445	799 344
Spesifikasjon av grunnlag for utsatt skatt/utsatt skattefordel:		
Forskjellar som utliknast:		
Anleggsmidlar	-9 294 632	-9 867 807
Fordringar	-15 136	-338 336
Pensjon	0	0
Varelager	0	0
Gevinst og tapskonto	598 831	748 540
Andre midlertidige forskjellar	0	0
Sum forskjellar	-8 710 937	-9 457 603
Underskudd til fremføring før koronatiltak	-159 780	0
Tilbakeføring av underskudd for 2020 mot 2019*	159 780	
Sum	-8 710 937	-9 457 603
Begrensning mhp balanseføring skattefordel/utsatt skatt	0	0
Grunnlag utsatt skattefordel/utsatt skatt	-8 710 937	-9 457 603
Utsatt skatt av midlertidige forskjellar	-1 916 406	-2 080 673

ÅRSREGNSKAP 2020 / Notar

Note 9 Eigenkapital

Eigenkapital:	Medlemskapital	Etterbetalingsfond	Fond for ålmennytige tiltak	Annan eigenkapital	Sum
Eigenkapital 31.12.2019	5 095 857	5 000 000	3 000 000	347 087 329	360 183 186
Årets endring i egenkapital:					
Netto tilgang ny medlemskapital	97 500			0	97 500
Renter på innløyst medlemskapital	-11 848			0	-11 848
Renter på medlemskapital	66 246			-66 246	0
Årsresultat				8 949 389	8 949 389
Reduksjon av fond til ålmennytige tiltak			-1 209 500		-1 209 500
Avsett til fond for ålmennytige tiltak			1 300 000	-1 300 000	0
Avsett til kjøpsutbytte medlemmar				-4 400 000	-4 400 000
Eigenkapital 31.12.2020	5 247 755	5 000 000	3 090 500	350 270 472	363 608 727

Rentesatsen på medlemskapitalen er 1,3 % jfr. årsmøtevedtak.

Note 10 Andre driftskostnader

Spesifikasjon av posten andre driftskostnader

	2020	2019
Tap på krav	-148 149	10 848
Eigedomsskatt	116 134	118 736
Kostnader administrativ infrastruktur (telefon, strøm, data mv.)	590 183	510 229
Transport og reisekostnader	46 437	79 363
Kjøp av eksterne tenester	742 301	1 480 839
Forbruk av varer og tenester	303 072	166 512
Sponsorstøtte	60 750	673 739
Andre kostnader	3 465 521	3 694 632
Sum	5 176 249	6 734 899

Note 11 Anna kortsiktig gjeld

Spesifikasjon av posten anna kortsiktig gjeld:

	2020	2019
Påløpne feriepengar	448 454	256 027
Påløpne kostnader	277 432	1 639 003
Sum	725 886	1 895 030

ÅRSREGNSKAP 2020 / Notar

Note 12 Finansinntekter og finanskostnader

Finansinntekter

Andre finansinntekter	
Renteinntekter	253 443
Verdiøkning av finansielle instrumenter	411 103
Sum andre finansinntekter	664 546

Finanskostnader

Andre finanskostnader	
Rentekostnader	236 899
Sum andre finanskostnader	236 899

ÅRSREGNSKAP 2020 / Notar

Note 13 Varige driftsmidler og immaterielle egedelar

1000 kr	Transport- midlar	Inventar, EDB, utstyr	Kraft- stasjonar	Breiband	Sum
Anskaffelseskost pr. 01.01	133	851	23 484	30 023	54 491
Tilgang i året	0	124	96	2 771	2 991
Avgang i året	0	0	0	2 901	2 901
Anskaffelseskost pr. 31.12	133	975	23 580	29 893	54 581
Akk. av- og nedskriv. pr. 01.01	22	596	19 137	21 669	41 424
Årets ordinære avskrivningar	44	115	703	1 718	2 580
Avgang akk. av- og nedskriv.	0	0	0	2 901	2 901
Akk. av og nedskriv. pr. 31.12	66	711	19 840	20 486	41 103
Bokført verdi pr. 01.01	0	424	5 007	7 572	13 005
Bokført verdi pr. 31.12	68	265	3 741	9 406	13 479
Investeringar siste 5 år					
2016	0	137	0	1 827	1 964
2017	0	164	0	3 020	3 184
2018	0	176	0	2 736	2 912
2019	133	251	0	2 472	2 856
2020	0	124	96	2 771	2 991
Sum	133	853	96	12 826	13 907

Note 14 Markedsbaserte verdipapirfond


Markedsbaserte verdipapirfond pr. 31.12.20 består av:

Markedsbasert verdipapirfond	Anskaffelseskost	Markedsverdi 31.12
ODIN Rente A	12 200 000	12 953 152

Kristoffer Urdal.



Brotaneset.



Melding frå revisor



KPMG AS
Sø 136
5417 Stord

Telephone +47 45 40 40 63
Fax
Internet www.kpmg.no
Enterprise 935 174 627 MVA

Til årsmøtet i Fitjar Kraftlag SA

Melding frå uavhengig revisor

Fråsegn om revisjonen av årsrekneskapen

Konklusjon

Vi har revidert Fitjar Kraftlag SA sin årsrekneskap som viser eit overskot på kr 8 949 389. Årsrekneskapen er samansett av balanse per 31. desember 2020, resultatrekneskap og kontantstraumoppstilling for rekneskapsåret avslutta per denne datoen og notar til årsrekneskapen, medrekna eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp.

Etter vår meining er årsrekneskapen som følgjer med, gitt i samsvar med lov og forskrifter og gir eit rettvisande bilete av selskapet si finansielle stilling per 31. desember 2020, og av resultatata og kontantstraumane for rekneskapsåret som vart avslutta per denne datoen, i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapskikk i Noreg.

Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, medrekna dei internasjonale revisjonsstandardane International Standards on Auditing (ISA-ane). Våre oppgåver og plikter etter desse standardane er beskrivne i *Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen*. Vi er uavhengige av selskapet slik det er krav om i lov og forskrift, og har oppfylt dei andre etiske pliktene våre i samsvar med desse krava. Etter vår oppfatning er innhenta revisjonsbevis tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår.

Styret og dagleg leiar sitt ansvar for årsrekneskapen

Styret og dagleg leiar (leiinga) er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen i samsvar med lov og forskrifter, og for at han gir eit rettvisande bilete i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapskikk i Noreg. Leiinga er også ansvarleg for naudsynt intern kontroll for å kunne utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta.

Ved utarbeidinga av årsrekneskapen må leiinga ta standpunkt til selskapet si evne til å halde fram med drifta og opplyse om tilhøve av betydning for dette. Føresetnaden om at drifta kan halde fram, skal leggast til grunn for årsrekneskapen så lenge det ikkje er sannsynleg at verksemda vil bli avvikla.

Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen

Målet med revisjonen er å oppnå tryggande sikkerheit for at årsrekneskapen totalt sett ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta, og å gi ei revisjonsmelding som inneheld konklusjonen vår. Tryggande sikkerheit er ein høg grad av tryggleik, men ingen garanti for at ein revisjon utført i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, og ISA-ane, alltid vil avdekke vesentleg feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta. Feilinformasjon blir vurdert som vesentleg dersom han, åleine eller samla, innanfor rimelege grenser kan forventast å påverke økonomiske avgjerder som brukarane tar basert på årsrekneskapen.

Offices in:

KPMG AS, a Norwegian limited liability company and member firm of the KPMG network of independent member firms affiliated with KPMG International Cooperative ("KPMG International"), a Swiss entity.

Statsautoriserte revisorer - medlemmer av Den norske Revisorforening

Oslo	Elverum	Mo i Rana	Stord
Alta	Finnenes	Molde	Straume
Arendal	Hamar	Skien	Tromsø
Bergen	Haugesund	Sandefjord	Trondheim
Bodø	Knaevik	Sandnessjøen	Tynset
Drammen	Kristiansand	Stavanger	Ålesund

Melding frå revisor



Melding frå uavhengig revisor - 2020
Fitjar Kraftlag SA

Som del av ein revisjon i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, og ISA-ane, utøver vi profesjonelt skjønn og viser profesjonell skepsis gjennom heile revisjonen. I tillegg:

- identifiserer og anslår vi risikoen for vesentleg feilinformasjon i årsrekneskapen, enten det skuldast misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta. Vi utformar og gjennomfører revisjonshandlingar for å handtere slike risikoar, og hentar inn revisjonsbevis som er tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår. Risikoen for at vesentleg feilinformasjon som følgje av misleg framferd ikkje blir avdekket, er høgare enn for feilinformasjon som skuldast feil som ikkje er tilsikta, sidan misleg framferd kan innebære samarbeid, forfalsking, bevisste utelatingar, urette framstillingar, eller brot på interne kontrollrutinar.
- opparbeider vi oss ei forståing av intern kontroll som er relevant for revisjonen, for å utforme revisjonshandlingar som er formålstenlege etter tilhøva, men ikkje for å gi uttrykk for ei meining om effektiviteten av selskapet sin interne kontroll.
- evaluerer vi om rekneskapsprinsippa som er brukte, er formålstenlege, og vurderer om rekneskapsestimata og tilhøyrande noteopplysningar som er utarbeidde av leiinga, er rimelege.
- konkluderer vi, basert på innhenta revisjonsbevis, på om leiinga sin bruk av framleis driftføresetnaden ved fastsetting av årsrekneskapen er formålstenleg og om det er vesentleg uvisse knytt til hendingar eller tilhøve som kan skape tvil av betydning om selskapet si evne til å halde fram med drifta. Dersom vi konkluderer med at det eksisterer vesentleg uvisse, må vi i revisjonsmeldinga gjere merksam på tilleggsopplysningane i årsrekneskapen, eller, dersom slike tilleggsopplysningar ikkje er tilstrekkelege, at vi modifiserer konklusjonen vår om årsrekneskapen. Konklusjonane våre er basert på revisjonsbevis innhenta inntil datoen for revisjonsmeldinga. Etterfølgjande hendingar eller tilhøve kan likevel føre til at selskapet ikkje held fram med drifta.
- evaluerer vi den totale presentasjonen, strukturen og innhaldet i årsrekneskapen, og tilleggsopplysningane, og om årsrekneskapen representerer dei underliggjande transaksjonane og hendingane på ein måte som gir eit rettvisande bilete.

Vi kommuniserer med styret mellom anna om det planlagde omfanget av revisjonen og til kva tid revisjonsarbeidet skal utførast. Vi utvekslar også informasjon om tilhøve av betydning som vi har avdekket i løpet av revisjonen, samt om eventuelle svakheiter av betydning i den interne kontrollen.

Utsegn om andre lovmessige krav

Konklusjon om registrering og dokumentasjon

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er beskriven ovanfor, og kontrollhandlingar vi har funne nødvendige etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikkje er revisjon eller forenklet revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», meiner vi at leiinga har oppfylt plikta si til å sørge for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av selskapet sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringskikk i Noreg.

Stord, 21. mai 2021
KPMG AS

Willy Hauge
Statsautorisert revisor
(elektronisk signert)

Solnedgang i Brandasund.

